

Sakshandsamar:

Lars Erik Lunde
E-post: lars.erik.lunde@sfj.no
Tlf.: 57638102

Vår ref.

Sak nr.: 18/2629-20
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

13269/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 19.03.2019

Notat

Frå: Fylkesrådmannen**Til:** Fylkesutvalet, møte 8. april

Fv. 695 Teita bru i Gloppen kommune – orientering om status

Teita bru på fv. 695 i Gloppen kommune fekk store skader i flaumen 14. og 15. oktober 2018. Brua vart stengt 2. november. Skadane er så omfattande at det ikkje er mogleg å utbetra brua.

Statens vegvesen tilrår at det vert bygd ei midlertidig bru grunna store konsekvensar for trafikantar og lokalsamfunn ved å nytte alternativ omkøyringsveg fram til ny permanent bru kan stå ferdig i siste halvdel av 2020. Kostnad med midlertidig bru er rekna til ca. 4,4 mill. kr.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga og har gitt Statens vegvesen klarsignal til å gå i gang med bygging av midlertidig bru. Det er venta at denne er på plass før sommaren 2019.

Statens vegvesen (SVV) har i brev datert 13.03.2019 kome med tilråding om bygging av midlertidig bru på fv. 695 i Gloppen kommune. Kostnaden med bygging av midlertidig bru er rekna å vera omlag 4,4 mill. kr inkl. mva og riving av eksisterande bru. Det å bygge ei midlertidig bru er eit kostbart tiltak som må vurderast opp mot alternativa.

SVV har vurdert konsekvensane med aktuelle omkøyringsvegar og det vart gjennomført synfaring med Gloppen kommune 1. mars. Konsekvensane av langvarig stenging av Teita bru vil vere store for gardsbruka langs fv. 695 grunna at desse driv areal på begge sider at elva. Dette vil føre til mykje traktorkøyring over på E39. Omkøyringsvegen over Jordanger bru er svært smal, noko som er problematisk for større køyretøy som mjølkebil og førbilar.

Stenging av Teita bru gir også lengre omkøyring for skuleskyss og dei som nyttar vegen i det daglege. Vidare vil stenginga ha konsekvensar for arrangementet Norsk Countryfestival 11. -14. juli med 13 000 besøkande og der tilkomsten har vore over Teita bru.

Fylkesrådmannen støttar tilrådinga og har gitt SVV klarsignal til å gå i gang med bygging av midlertidig bru. Det er venta at denne er på plass før sommaren 2019.

Kostnaden med bygging av midlertidig bru vert dekt innanfor ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2019. Fylkesrådmannen syner til at skadane på Teita bru var inkludert i grunnlaget i søknaden om kompensasjon etter flaumen i oktober 2018. KMD har gitt ei tildeling på 52 mill. kr, jf. brev datert 19.2.2019 (skriv og melding til FU i møte 6. mars).

Fylkesrådmannen vil kome tilbake til endringar i løyvinga til drift og vedlikehald i samband med saka om Tertialrapport 1/19.

Når det gjeld vidare arbeid med bygging av ny bru så vert det no sett i gang prosjektering og utarbeiding av konkurransegrunnlag. SVV vil vurdere bruk av totalentreprise dersom det viser seg at vi på denne måten kan kome raskare i gang med bygging. Brua må godkjennast i Vegdirektoratet i høve gjeldande regelverk, og naudsynt tid til det må påreknast. Slik det ser ut no kan ny bru tidlegast stå ferdig i siste halvdel av 2020.

Dette til fylkesutvalet si orientering.